

# VESTLAND REVISJON

## Kommunalt Oppgåvefelleskap

Forretningsadresse: Førde, Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde

Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA

E-post: [postmottak@vestrev.no](mailto:postmottak@vestrev.no)

Bankkonto 3705 40 64838

Dagleg leiar **Asgeir Tveit**

Mobilnr. 908 74 388

E-post: [asgeir.tveit@vestrev.no](mailto:asgeir.tveit@vestrev.no)

Sogndal kommune

Postboks 153

6851 SOGNDAL

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkivkode:

Journalnr.:

Dokumentdato:

At

033/2021

20.05.2021

## UTTALE FRÅ UAVHENGIG REVISOR OM REGLEMENT FOR FINANS- OG GJELDSFORVALTNING - SOGNDAL KOMMUNE

Det vert vist til e-post av 03.05.2021 frå Sogndal kommune til Vestland Revisjon KO der det ligg føre framlegg til reglement for finans- og gjeldforvaltning for Sogndal kommune.

Vestland Revisjon KO har gått gjennom og vurdert reglementet i samsvar med Forskrift om garantiar og finans- og gjeldforvaltning i kommunar og fylkeskommunar §7 Krav om kvalitetssikring av finansreglementet og rutinane for finans- og gjeldforvaltning.

Sogndal kommune er ansvarleg for at finansforvaltninga er underlagt reglement som er fastsett og vedteke i samsvar med kommunelov § 14-13 Finans og gjeldsforvaltning som er kunngjort av Kommunal- og regionaldepartementet 22.06.2019 og tredde i kraft 01.01.2020.

Vår oppgåve er i samsvar med § 7 i Forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar, som uavhengig instans, å vurdere og å uttale oss om kommunen sitt finansreglement legg opp til ei forvaltning som er i samsvar med kommunelova §14-1 tredje ledd og som oppfyller krava i §14-13 første ledd første punktum og forskrifta §6 sine reglar for finansforvaltninga. Vi har utført vårt arbeid i samsvar med SA 3000 - "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk økonomisk informasjon". Denne standarden krev at vi planlegg og gjennomfører kontrollhandingar for å kunne avgje ei uttale med høg, men ikkje absolutt sikkerheit for at det ikkje ligg føre vesentlege feil eller manglar ved kommunen sitt finansforvaltningsreglement.

Det vert stilt følgjande krav til reglementet:

- 1. Kommunelova § 14-1 Grunnleggjande krav til økonomiforvaltninga, tredje ledd:  
«Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*
- 2. Kommunelova § 14-13 Finans- og gjeldforvaltning 1. ledd 1. punktum:  
Finansreglementet skal inneholde bestemmelser som hindrer kommunen eller fylkeskommunen i å ta en vesentlig finansiell risiko i finans- og gjeldsforvaltningen, og som sikrer at løpende betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*

3. *Forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar § 6 Krav til innhald i finansreglementet «Finansreglementet skal inneholde regler om hvordan kommunens eller fylkeskommunens finansielle midler og finansielle forpliktelser skal forvaltes i samsvar med kommuneloven § 14-1 tredje ledd, jf. § 14-13 første ledd.*

*Finansreglementet skal minst angi*

- a. hva som er formålet med forvaltningen*
- b. hvilke midler som skal forvaltes med lav risiko og høy likviditet*
- c. hvilke midler som skal forvaltes med en lang tidshorisont*
- d. hvilke avkastningsmål, rammer og begrensninger som gjelder for forvaltningen av midlene som er nevnt i bokstav b og c*
- e. hvilke rammer og begrensninger som gjelder for forvaltningen av gjeld*
- f. hvordan avvik fra finansreglementet skal håndteres.*

*Etter første ledd bokstav d og e skal det blant annet angis hva som er tillatt, kravene til risikospredning og hvilke finansielle instrumenter som er tillatt.*


Vi har vurdert reglementet opp mot aktuelle krav i lov og forskrift og faglitteratur på området.

Konklusjon:

Framlegget til finansreglement for Sogndal kommune er i samsvar med krav i lov og forskrift. Vi vurderer det slik at Sogndal kommune har lagt opp til ei forvaltning av finansielle midlar og gjeld på ein slik måte at det ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, blant anna slik at betalingsforpliktingar kan innfriast ved forfall.

Denne uttalen er utelukkande utarbeida for det føremål som er beskrive ovanfor og til kommunen sin informasjon, og skal ikkje brukast til noko anna føremål.

Med helsing



Asgeir Tveit

Statsautorisert revisor/Dagleg leiar

**VESTLAND REVISJON**

**Kommunalt Oppgåvefelleskap**

e-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Postboks 487, 6803 FØRDE

Tlf: 57 61 26 44

Mob: 908 74 388